

Informasjon om dei siste vekene av skuleåret

Veke 21 (22. – 24. mai)

Denne veka er det vanleg skule for alle.

Unntak:

Eksamen hovudinstrument 3MF måndag – tysdag.

Veke 22 (29. mai – 2. juni)

All undervisning går ut denne veka for 3AA, 3IDA og 3MF.

3DDA og 3MKA har vanleg undervisning torsdag og fredag. Alle andre har vanleg skule heile veka. Om nokon av desse kjem opp til skriftleg eksamen får dei fri eksamensdagen + dagen før. Dei som har ein eller fleire førebuingdagar får ikkje ekstra fridagar i tillegg.

Veke 23 (6. – 9. juni)

I utgangspunktet har alle undervisning denne veka.

Dei som kjem opp til eksamen får fri eksamensdagen + dagen før (ved praktisk-munnleg eksamen 2 dagar før). 3DRA/3DAN har tre dagar førebuing (tysdag-torsdag). Dei som har ein eller fleire førebuingdagar får ikkje ekstra fri.

Veke 24 (12. – 16. juni)

I utgangspunktet har alle undervisning denne veka.

Dei som kjem opp til eksamen får fri eksamensdagen + dagen før (ved praktisk-munnleg eksamen 2 dagar før). Dei som har ein eller fleire førebuingdagar får ikkje ekstra fri.

Veke 25 (19. – 22. juni)

Ikkje undervisning denne veka. Berre munnleg og praktisk/munnleg eksamen.

Torsdag er det avslutning i Aulaen kl. 08.30. Etter avslutninga går klassane til sine faste klasserom og klassestyrar deler ut karaktersetlane.

NB! Viss nokon ikkje kan vere der og hente karaktersetelen må dei på førehand levere inn til kontoret ferdig adressert og frankert konvolutt. Viss ikkje vert karaktersetelen ikkje ettersend.

Fri i samband med eksamen - oppsummering

Dei som kjem opp til skriftleg eksamen har fri eksamensdagen og dagen før.

Dei som har førebuingdag(ar) før skriftleg eksamen får ikkje ekstra fridagar før eksamen.

Ved munnleg og praktisk-munnleg eksamen får ein 48 timars førebuing til eksamen.

15.05.06

Gunnar Nygjerd

adm.leiar